



## Månadsbrev desember 2022

Sidan sist har de både lese om og sett 1.-7. klasse sin gatekunst, eller gangkunst, i teip og BliMe-dansen på heimesida, og delar av dansen vår vart òg vist på NRK. SN-dagen vart markert med ein fin appell av Frida og arbeid på trinna. Konserten med Elin Furubotn var flott, og ho var imponert over dei ivrige, flinke og greie elevane våre! 10. klasse fekk mange vanskelege spørsmål i Klassequizen, men greidde seg greitt, og 10. klasse har hatt gode opplevingar på hospitering på vidaregåande skule og lært mykje i arbeidslivspraksis. Under Operasjon dagsverk tente dei velkomne pengar til House of Bahati. Godt jobba! Forfattar Bjørn Ingvaldsen slo godt an, og måtte svara på mange gode spørsmål frå elevane. MOT til å gleda-dagen blei markert på ulike vis. Julegrantenning blei det, og innleiing og tenning av juletre ved elevrådet og songen gjekk godt i regnet.

Desember startar med adventssamlingar på dei ulike trinna, der alle har ei eller anna form for aktivitetsskalender, anten det er på skulen eller å gjera gode gjerningar heime. Og så må me jo lesa ei adventsbok! Elevar og foreldre i 1. og 2. klasse har lese fleire gode bøker i prosjektet READ Agder, men dei må dessverre leverast attende til skulen i løpet av veke 49. Det nærmar seg òg slutten av leseprosjektet Uprisen i 9. og 10. klasse. 1. desember er det 10. klasse sin tur til å ha MOT, og tysdag 6. desember er det både møte i ungdomsrådet og SU og SMU. Der står neste års budsjett på sakslista. 7. desember er det klart for halvårsprøvar på ungdomstrinnet med norsk hovudmål, og så vert det norsk sidemål for 9.-10. torsdag og engelsk for alle på fredag. Matte er siste fag ut måndag 12.



Kanskje blir det lussekattar på Luciadagen, og 1.-4. skal ha skuledag onsdag 14. desember, der alle avsluttar dagen med skulegudsteneste. Då er det mest ferie, men me må få med juletreffesten måndag 19. kl. 18.00, før me tar ferie 21. desember til og med 2. januar.

Nokon får kanskje lurt inn tid til å laga både julekort, julegåver og eit byggverk som dei kan levera inn til Peparkakebygda 2022 i løpet av desember.

Nyt adventstida og juleferien, med ynskje om ei kvit og fredfull jule- og nyttårshelg!

Sinnes 30.11.22  
Åse-Berit (rektor)

